

RÅDSDIREKTIV 96/24/EF**av 29. april 1996****om endring av direktiv 79/373/EØF om markedsføring av fôrblandinger(*)**

RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR –

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fællesskapet, særleg artikkel 43,

med tilvising til framlegget frå Kommisjonen⁽¹⁾,med tilvising til fråsegna frå Europaparlamentet⁽²⁾,med tilvising til fråsegna frå Økonomi- og sosialutvalet⁽³⁾ og

ut frå desse synsmåtene:

Rådsdirektiv 77/101/EØF av 23. november 1976 om markedsføring av ublandede fôrvarer⁽⁴⁾ vart oppheva ved rådsdirektiv 96/25/EF av 29. april 1996 om markedsføring av fôrmidler, om endring av direktiv 70/524/EØF, 74/63/EØF, 82/471/EØF og 93/74/EØF og om oppheving av direktiv 77/101/EØF⁽⁵⁾.

Med direktiv 96/25/EF vert det særleg teke sikte på å fjerne ulikskapar i nasjonal lovgjeving om ublanda fôrvarer og råvarer. For dette føremålet er det ved direktivet innført ei felles nemning, “fôrmiddel”, og ein definisjon av henne som omfattar nemningane “ublanda fôrvarer” og “råvarer”. Difor bør desse nemningane og definisjonen av dei i direktiv 79/373/EØF⁽⁶⁾ bytast ut med den felles nemninga og definisjonen av henne i direktiv 96/25/EF. Desse endringane verkar inn på definisjonen av fôrblandingar.

Den lista som er førd opp i del B i vedlegget til direktiv 96/25/EF, bør nyttast ved marknadsføring av fôrmiddel same kva dei skal nyttast til, og ved merking av fôrmiddel som vert nytta i fôrblandingar.

I kommisjonsdirektiv 92/87/EØF av 26. oktober 1992 om ein ikke-uttømmende liste over de viktigste ingredienser som vanligvis brukes og markedsføres til framstilling av fôrblandinger beregnet på andre dyr enn kjæledyr⁽⁷⁾ er det

fastsett ei liste over ingrediensar til bruk ved merking av fôrblandingar. Det bør gjerast tiltak for å sikre at direktiv 92/87/EØF vert oppheva når del A og B i vedlegget til direktiv 96/25/EF tek til å gjelde –

VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:

Artikkel 1

I direktiv 79/373/EØF vert det gjort følgjande endringar:

1. I artikkel 1 nr. 2 bokstav a) vert “ublandede fôrvarer” endra til “fôrmidler”.
2. Nemninga “ingredienser” vert endra til “fôrmidler”.
3. Artikkel 2 bokstav b) skal lyde:

“b) fôrblandinger, blandinger av fôrmidler, med eller uten tilsetningsstoffer, som i form av fullfôr eller tilskuddsfôr er beregnet på føring av dyr.”
4. Artikkel 2 bokstav k) skal lyde:

“k) fôrmidler, ulike produkter av vegetabilsk eller animalsk opprinnelse i naturlig tilstand, ferske eller konserverte, og avledede produkter av disse etter industriell bearbeiding, samt organiske eller uorganiske stoffer, med eller uten tilsetningsstoffer, som i ubearbeidet form eller etter bearbeiding skal benyttes til føring av dyr, til framstilling av fôrblandinger eller som bærestoff i premikser.”
5. Artikkel 10 bokstav b) vert oppheva.
6. I artikkel 10a nr. 1 vert “omhandlet i artikkel 10 bokstav b)” bytt ut med “over de viktigste fôrmidlene oppført i del B i vedlegget til rådsdirektiv 96/25/EF av 29. april 1996 om markedsføring av fôrmidler, om endring av direktiv 70/524/EØF, 74/63/EØF, 82/471/EØF og 93/74/EØF og om oppheving av direktiv 77/101/EØF(*)”.

(*) EFT nr. L 125 av 23.5.1996, s. 35.”

7. Artikkel 10a nr. 2 skal lyde:

“2. Medlemsstatene skal sørge for at bestemmelsene i punkt I, II, III og IV i del A “Allment” i vedlegget til direktiv 96/25/EF overholdes.”

(*) Denne fællesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 125 av 23.5.1996, s. 33, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 101/1999 av 24. september 1999 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitere forhold), se denne utgaven av EØS-tillegget til De Europeiske Fællesskaps Tidende.

(1) TEF nr. C 238 av 26.8.1994, s. 6.

(2) TEF nr. C 305 av 31.10.1994, s. 146.

(3) TEF nr. C 102 av 24.4.1995, s. 12.

(4) TEF nr. L 32 av 3.2.1977, s. 1. Direktivet sist endra ved direktiv 90/654/EØF (TEF nr. L 353 av 17.12.1990, s. 48).

(5) TEF nr. L 125 av 23.5.1996, s. 35.

(6) TEF nr. L 86 av 6.4.1979, s. 30. Direktivet sist endra ved direktiv 93/74/EØF (TEF nr. L 237 av 22.9.1993, s. 23).

(7) TEF nr. L 319 av 4.11.1992, s. 19.

8. Artikkel 11 skal lyde:

“Artikkel 11

Ved markedsføring i Fellesskapet skal opplysningene på følgedokumentet, emballasjen, beholderen eller en påsatt etikett være skrevet på ett eller flere språk som mottakerstaten velger blant Fellesskapets nasjonale eller offisielle språk.”

Artikkel 2

Medlemsstatane skal innan 30. juni 1998 setje i kraft dei lovene og forskriftene som er naudsynte for å rette seg etter dette direktivet. Dei skal straks melde frå til Kommisjonen om dette.

Når desse føresegnene vert vedtekne av medlemsstatane, skal dei ha ei tilvising til dette direktivet, eller det skal visast til direktivet når dei vert kunngjorde. Medlemsstatane fastset korleis tilvisinga skal gjerast.

Artikkel 3

Dei vedtekne føresegnene skal nyttast frå 1. juli 1998. Medlemsstatane skal likevel fastsetje at förblandingar som er marknadsførde før 1. juli 1998, og som ikkje er i samsvar med dette direktivet, framleis kan omsetjast inntil 30. juni 1999.

Artikkel 4

Dette direktivet tek til å gjelde 20. dagen etter at det er kunngjort i *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

Artikkel 5

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utferda i Luxembourg, 29. april 1996.

For Rådet

W. LUCHETTI

Formann